

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 2/2013**

2013/EØS/31/02

av 1. februar 2013

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/489/EU av 24. august 2012 om endring av vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Austerrike, Belgia, Brasil, Colombia, Kroatia og Nicaragua<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om næringsmiddel. Føresegner om næringsmiddel skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I til EØS-avtala kapittel I del 7.2 nr. 49 (kommisjonsvedtak 2007/453/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32012 D 0489**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/489/EU av 24. august 2012 (EUT L 231 av 28.8.2012, s. 13).”

*Artikkel 2*

Teksta til avgjerd 2012/489/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. februar 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 1. februar 2013.

For EØS-komiteen

**Gianluca Grippa**

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 231 av 28.8.2012, s. 13.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.